

ORDENSREGLAR

VIGRA SKULE



Intensjon:

For at du skal få **tru på deg sjølv**, kunne **ta sjansar** og lære av feil, kunne **drøyme stort**, unne kvarandre **suksess**, få **prøve noko nytt** og vere ein **god venn**, treng vi nokre **felles reglar**. Då er det bra at vi **flyg saman**.

Skulen vår er ein lærings- og arbeidsarena der vi øver både på å samarbeid og å arbeide sjølvstendig. Det å trivast godt og ha respekt for alle, ta ansvar for at både vi og dei andre har det bra, er ein del av det å flyge saman. Slik kan alle få vere den beste utgåva av seg sjølv.

Ordensreglane våre gjeld i skuletida, under alle skulen sine arrangement, på SFO, i leksegruppe, på bussen og på skulevegen.

Ordensplakat:

Respekt for kvarandre:

- Vi behandlar kvarandre på ein ordentleg måte.
- Alle skal få gå på skulen utan å oppleve at nokon plagar eller mobbar. Ingen skal oppleve vald eller truslar.
- Ingen skal oppleve trakassering grunna tru, utsjånad eller kjønn.
- Vi hjelper til med å halde arbeidsro i timane
- Vi kjem presis til timane og andre avtalar.
- Vi let andre leike i fred og spør gjerne om andre vil vere med i leiken.

Vi tek vare på utstyr og bygg:

- Vi let andre sine eigendelar vere i fred.
- Vi hjelper til med å halde orden på skulen sitt område.
- Vi hjelper til med å ta vare på det som høyrer skulen og SFO til, både ute og inne. Vi må fare fint åt med iPad, bøker og anna undervisningsmateriell.
- Gjenstandar som ikkje har med skulearbeidet å gjere, tek vi ikkje med oss til skulen utan spesiell avtale.

- Denne må vi drøfte: Mobiltelefon/smartklokke treng vi ikkje på skulen. Om ein likevel må ha den med, skal det gjerast avtale med skulen, og den skal vere avslått og ligge i skulesekken heile dagen. Konsekvens; Ved brot på regel vert mobilen inndradd og må hentast av føresette.

Nærvær:

- Om elevar er borte frå skulen grunna sjukdom eller anna, skal skulen ha melding om dette før 8:15.
- Foreldre kan søkje elevar fri inntil 2 dagar (kontaktlærar) og inntil 2 veker (rektor).

Brot på reglane:

Det er viktig at du forstår kva for reglar som er brotne, og kvifor skulen reagerer. Du skal få tid og rom til å sette ord på di oppleving av kva som skjedde. Konsekvensar på regelbrot skal vere milde til moderate; som å hjelpe til å rydde opp/reparere noko som vart øydelagd, få alternativ til aktivitet ein øydela..

Dersom du bryt ein eller fleire av reglane, kan det bli slik:

- Du får ei munnleg irettesetting.
med munnleg melding til foreldre/føresette.
- Skriftleg melding til foreldre/føresette.
- Du kan få beskjed om å hjelpe til å utbetre/erstatte skader.
- Gjenstandar som ikkje er skulerelaterte, kan skulen beslaglegge, og dei må hentast av føresette. Dersom det er farlege gjenstandar, kan det meldast til politiet.
- Rusmiddel/tobakk skal også beslagleggast og utleverast til dei føresette.
- Bytte av klasse/gruppe både permanent og midlertidig, i samarbeid med heimen.
- Vidare gjeld forskrift for [ordensreglement for skulane i Giske kommune](#) ved bortvising, flytting av elev til annan skule, karakter i orden og åtferd, juks og ved saksbehandlingsreglar ved refsingstiltak.